



Tilbakemelding frå Seim skule – Høyringsuttale om planprogram KDP barnehage og skulebruksplan

Det har vore høyring i følgjande utval:

- SU, den 28.09.23
- FAU, den 28.09.23

Vi har sett på mål og tema for planarbeidet, og planprosess og medverknad.

Tilbakemelding:

- Som følgje av den alvorlege økonomiske situasjonen som Alver kommune er i, er det viktig å sjå på naturlege justeringar av skulestruktur/barnehagestruktur ut frå demografisk utvikling i ulike delar av kommunen.
- Fint at planprogram KDP barnehage og skulebruksplan vurderer om skular kan bli for små med tanke på elevmiljø og profesjonsfelleskapet til dei tilsette.
- Veldig viktig med grundig høyringsprosess. Fint at elevar, tilsette og foreldre får komme med innspel.

Seim skule 28.09.2023

Torgeir Arne Lid

Rektor